



## Møteprotokoll for Administrasjonsutvalet

**Møtedato:** 22.03.2022  
**Møtestad:** Formannskapsrommet Flodmaal  
**Møtetid:** 09:00 - 10:00

Saksliste:

1. Orientering om sjukefråver 2021
2. Årsrapport bedriftshelsetenesta
3. Orientering om arbeidsmiljøundersøking 2021
4. Status ulike digitaliseringsprosjekt
5. Orientering om «korona-avtalen» som er inngått sentralt mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane

Evt

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordførar	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordførar	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Kristin Meiling		Tillitsvalt	
Kari Øvretveit		Tillitsvalt	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2022	Godkjenning av møteprotokoll
003/2022	Orienteringssaker

**Notat frå møtet:**

001/2022: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

002/2022: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre.

---

003/2022: Orienteringssaker

Behandling:

Rådmann Jo Tømmerbakke og ass. rådmann Tonje Husum Aarland orienterte i saka.

1. Orientering om sjukefråver 2021  
Det var eit samla sjukefråver i 2021 på 8,6 %. Dette er ein kombinasjon mellom langtidssjukefråver og korttidssjukefråvær.
2. Årsrapport bedriftshelsetenesta  
Bedriftshelsetenesta utarbeidar handlingsplan for året og ein årsrapport for korleis ein har følgd opp handlingsplanen.
3. Orientering om arbeidsmiljøundersøking 2021

Det er fast rutine med bedriftshelsetenesta om gjennomføring av arbeidsmiljøundersøking (AMUS) annan kvart år innanfor alle einingane i kommunen. Svarprosenten i 2021 var på 76 %. Modalen kommune har ein god score samanlikna med andre bedrifter som bedriftshelsetenesta følgjer opp. Det er fokus på å følgje opp AMUS året etter gjennomføring.

4. Status ulike digitaliseringsprosjekt

Det er eit pågåande implementeringsarbeid med å innføre nytt kvalitetssystem. Det er vidare arbeid med nytt intranett og bruk av Samhandling 360, samt interkommunalt samarbeid om IKT-sikkerheit.

5. Orientering om «korona-avtalen» som er inngått sentralt mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane

I januar inngjekk Modalen kommune i ein tilsvarande avtale med alle organisasjonar.

6. Evt.:

Samarbeid om barnevern

Modalen kommune kjøper barnevernstenester av Vaksdal kommune. Kommunane Osterøy og Vaksdal er i ein prosess for å inngå avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid om barnevernstenesta. Modalen kommune avventer

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering.

---